

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	09.07.2025
Vår referanse	2025/39953-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om Geitelvi kraftverk i Voss herad

Oppsummert fråsegn

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035, Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027 og Utviklingsplan for Vestland 2024-2028.

Vestland fylkeskommune er positiv til fornybar energiproduksjon som bidreg til det grønne skiftet, men understrekar at dette må balanserast mot natur- og kulturverdiar.

Kulturmiljøstyresmakta har, ut i frå omsyn til kulturminne, ikkje merknader til søknaden.

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyring frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om søknad frå Njord Energi Holding AS om løyve etter vassressurslova og energilova til bygging av Geitelvi kraftverk ved Bolstad, Voss herad, samt tilhøyrande jordkabel for nettilknytning.

Skildring av tiltaket

Geitelvi kraftverk er planlagt ved Bolstad i Voss herad, Vestland fylke. Hovudpunkta i prosjektet er:

- Inntak og kraftstasjon:
 - Inntaket er på kote 275 meter, og kraftstasjonen er på kote 24 meter.
 - Vassvegen består av eit borehol i fjell på 1300 meter og ei nedgraven røyrgate på ca. 250 meter.
- Tekniske spesifikasjonar:
 - Installert effekt: 6,5 MW.
 - Rekna årleg middelproduksjon: 17,3 GWh.
 - Maksimal slukeevne: 3,0 m³/s.
 - Minstevassføring: 70 l/s om sommaren og 35 l/s om vinteren.
- Miljøpåverknad:
 - Prosjektet vert i søknaden vurdert å ha middels negativ konsekvens for natur og biologisk mangfald.
 - Det er ikkje fisk i elva, og området er lite brukt av allmenta, hovudsakleg av grunneigarar til jakt og friluftsliv.
- Økonomi:
 - Utbyggingskostnadene er rekna til 96 millionar kroner, med ein spesifikk utbyggingskostnad på 5,55 kr/kWh.

Vurdering

Vestland fylkeskommune svarar ut denne administrativt, då saka er vurdert som ukomplisert og utan konflikt med regionale interesser. Vurderinga er gjort i tråd med delegeringsreglementet til Vestland fylkeskommune, Delegering etter særlov 22. (energilova) § 2-1 andre setning og 27. andre setning.

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035, Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027 og Utviklingsplan for Vestland 2024-2028.

Kulturminne

Arealplan har vurdert saka som delegert kulturmiljøstyresmakt. Ut i frå våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i området. Det er heller ikkje kjent nyare tids kulturminne i området.

Kulturmiljøstyresmakta har slik, ut i frå omsyn til kulturminne, ikkje merknader til søknaden.

Friluftsliv og landskap

Det er viktig at tiltaket ikkje reduserer tilgjenge eller opplevingsverdiar i området. Fylkeskommunen tilrår at det vert lagt vekt på landskapstilpassing av både kraftstasjon og røyrgate.

Vassmiljø

Fylkeskommunen legg til grunn at det er naturlege vandringshinder for fisk nedanfor det planlagde kraftverket. Dette inneber at tiltaket ikkje vil påverke oppvandringa av sjøaure eller annan fisk i vassdraget. Likevel bør det vurderast om kraftverket kan få innverknad på utvandringa av smolt i Bolstadfjorden, særleg med tanke på nærleiken til innløpet til Bolstadelva og Vossovassdraget, som er eit viktig laksevassdrag. Det bør vurderast om det er behov for avbøtande tiltak for å sikre trygg passasje for utvandrande smolt.

Andre regionale omsyn

Vestland fylkeskommune er positiv til fornybar energiproduksjon som bidreg til det grønne skiftet, men understrekar at dette må balanserast mot natur- og kulturverdiar.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

VOSS HERAD

Postboks 145

5701

VOSS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER